



En Til En Arkitekter As
Vaskerelven 8
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3628 - 22/76449

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
05.10.2022

Igangsettingsløyve for riving av bygg - gbnr 188/57 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 1086/22
Tiltakshavar: Odd Eirik Haaland
Ansvarleg søkjar: En Til En Arkitekter As
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 e, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket på eigendommen. Løyve er knytt til riving av eksisterande bustad og garasje på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 12.07.2022 med vilkår gjeld for tiltaket.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av deler av tiltaket på eigendommen. Det er søkt om igangsetting knytt til riving av eksisterande bustad, samt garasje.

Kommunen har i vedtak av 12.07.2022 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.09.2022.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.09.2022, og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ansvarleg utførande har ikkje sentral godkjenning. Administrasjonen vurderer med at det ikkje er naudsynt, jf SAK § 9.1

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn, og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Det er elles krav til avfallsplan knytt til riving av hytte og garasje, jf. TEK § 9-6 punkt c. Ved utføring av tiltaket skal det utarbeidast ein avfallsplan som gjer greie for handtering av byggavfallet fordelt på ulike avfallstyper, og mengder.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3628

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om igangsettingstillatelse - gbnr 188/57 Gjervik ytre
Gjennomføringsplan
Erklæring av ansvarsrett Dale avfall og miljø

Mottakarar:

En Til En Arkitekter As
Odd Eirik Haaland

Vaskerelven 8 5014
Breiviken 6 5042

BERGEN
BERGEN